



# Læring i Næring

Læring i Næring er eit program som gjennomført i **9.trinn**, der målsetninga er at ungdom skal få kjennskap til lokalt næringsliv og ulike yrkesretningar. For mange er dette gjerne **første møte med næringslivet**, der dei får øve seg på søkeradsskriving, jobbintervju og eventuell arbeidspraksis. Ungdom som er med i programmet vil bli kjend med lokalt næringsliv, få erfaringar dei kan ta med seg ved jobbsøk seinare i livet og kan teste ut yrkesretningar som kan vera nyttige når dei skal bestemme seg for vidare utdanning– og yrkesval. Læring i Næring er ein del av yrkesorienteringa til ungdommane frå næringslivet i Suldal, og vert derfor **lagt til fritid, feriar og eventuelt etter skuletid**.

## PROGRAM 2025/26

### Informasjonsdag: Næringslivet i Suldal kjem til Sand skule

Tysdag 9. september kl. 08.45 til kl. 11.15

Bedriftene presentera si bedrift og sitt tilbod i «Læring i Næring» fysisk eller digitalt til 9. trinn, som i år er 48 ungdommar. Næringshagen i Ryfylke vil også informera kort om LIN 2025, og kva bedrifter og praksisplassar som det er tilbod om i årets program. Annonsane som ligg ute på [www.nhryfylke.no](http://www.nhryfylke.no) er grunnlaget for søkeradsskriving. Næringshagen i Ryfylke bidreg inn i skulen ned søkeradsskriving etter informasjonsdag i norskimer.

### Bedriftsbesøk

**Veke 37 og 38**

Interesserte ungdommar får tilbod om å komma til bedriftene for omvising og meir informasjon. Dette skjer etter skuletid. Nokre bedrifter kan velje andre dagar enn veker sett ovanfor. Nærare informasjon kjem til kvar enkelt elev i dei tilfella.

### Søknad

**Seinast fredag 19. september - elektronisk til bedrifta**

Ungdommane søker på dei praksisplassane dei er interesserte i. Dette skjer elektronisk via skjema som ligg ute under kvar bedriftsprofil på «9. trinn: Læring i Næring» på nhryfylke.no.

### Intervju

**I løpet av veke 38 og 40**

Bedrifter tek inn søkerarar til intervju/samtale innan haustferien (veke 41), eller etter avtale med hovudkontor og ungdommen.



# Læring i Næring

## PROGRAM 2025/26

### Tilsetting

I løpet av veke 40, slik at ungdommen får avklart arbeidstid som inngår i Læring i Næring. I mange tilfelle blir dette lagt til haustferien i veke 41 eller i veke 9, 2026, for heile veker.

Ut i frå sokjarane og interesse kan bedrifa tilsette ein ungdom i Læring i Næring. Desse ungdommene vil få **individuell arbeidsavtale** med bedrifa si og ei **prøvetid** (ein arbeidsdag). Dersom interessa og motivasjonen på arbeidsplassen forsvinn kan både ungdom og bedrifa sei opp arbeidsavtalen. Arbeidsavtalen i «Læring i Næring» tilpassast **individuelt mellom ungdom og bedrift** ut i frå tidsperiode på arbeidet. Avtalen skal skrivast under av føresette. Sjå punkt nedanfor. Avtalt arbeidspraksis skal vere utført innan 1. juni 2026.

Eleven må sjølv få seg ein elektronisk ID og registera frikort hjå [www.skatteetaten.no](http://www.skatteetaten.no) kvart kalenderår.

### Praksis

#### **Tid og omfang vil variera frå bedrift til bedrift.**

Bedriftene har eit ansvar å følgja opp ungdommene som andre tilsette, og gje dei den praksisen ungdommene har søkt etter. Tilsetting i Læring i Næring skal lønast etter timesats som er fastsett av næringslivet.

*Majoriteten av arbeidet som blir utført i «Læring i næring» vil falle inn under arbeidsmiljøloven sitt omgrep «lett arbeid» i aml. § 11-1 (1) b). For «lett arbeid» gjeld bestemmingane om arbeidstid i aml. § 11- 2. Betydninga av dette er at arbeidstida ikkje må overstige 2 timer i døgnet på dagar med undervisning og 12 timer i veka i veker med undervisning, jf. aml. § 11-2 (2) a). Vidare skal ikkje arbeidstida overstige 7 timer på undervisningsfrie dagar og 35 timer i undervisningsfrie veker, jf. aml. § 11-2 (2) b). 35 timer gjeld haustferie og vinterferie. Arbeidsavtalen ein inngår har arbeidstid på 35 timer og kr 85,- pr. time i flat løn. Læring i Næring prosjektet skal avsluttast innan 1. juni 2025 ved individuelle timer. Bedrifter som er med i Læring i Næring er anbefalt å ha ungdom i arbeid på undervisningsfrie veker. Ungdommen kan då arbeide kvar dag, 7 timer pr dag x 5 dagar.*



# Læring i Næringshagen

## PROGRAM 2025/26

Vewe 41: Haustferie frå 6. oktober til og med 13. oktober

Vewe 9: Vinterferie 23- 29. februar. februar 2026.

Etter skuletid kan 9. trinn arbeida 2 timer pr dag, maks 12 timer i veka.

Sjå skulerute for andre fridagar for ungdomsskulen her:

<https://www.suldal.kommune.no/tenester/barn-unge-og-familie/skule/ferie-og-fridagar/skulearet-25-26/>

### **Evaluering**

**Bedrifter og ungdommar blir evaluert.**

Bedriftene skriv ut **attestar** til alle elevane som har fullført arbeidskontrakt på 35 timer. Attest har ein stor verdi for ungdommane som viser til arbeidspraksis ved framtidige jobbsøknadar. Ungdommane og bedriftene skal ha moglegheit til årleg evaluering etter prosjektperioden er over.

**Me ønskjer ungdommen lukke til med søknadsskriving, intervju og eventuell arbeidspraksis. Har de spørsmål undervegs må de gjerne ta kontakt med lærar eller prosjektansvarleg i Næringshagen i Ryfylke v/Marit Larsen.**

Marit Larsen  
Næringshagen i Ryfylke  
Tlf: 90684861

E- post: [marit@nhryfylke.no](mailto:marit@nhryfylke.no)